

Bøner til bruk under «Søndag for dei forfølgde»

KROSSBØN

Jesus Kristus, du som vart krossfest, bind saman ditt folk i heile verda.

Vern dei som blir forfølgde, og ver hos dei som lid.

Du som er forsvarar for dei rettslause og høyrer ropet frå dei forfølgde:

Gi oss vilje og visdom til å hjelpe, og gjer oss trufaste i bøna.

Hald di kyrkje oppe med krafta frå krossen og styrk oss alle i den trua som sigrar.

Amen.

BØN

Jesus Kristus, du bar krossen din synleg for heile verda, og du vart vår frelsar.

No ber eg for alle som må bere krossen sin utan at nokon ser dei.

Du veit kven dei er. Takk for at du ser.

Syn meg korleis også eg kan ta opp krossen min, og gå du framfor meg, alltid.

I glede og sorg, i medgong og motgong, vil eg følgje deg, Jesus Kristus.

Amen



sammen for de forfulgte

FORBØN

- Gode Gud, Himmelske Far, takk for at vi får kome til deg med alle våre bøner. Vi veit at du høyrer når vi ber. I dag vil vi lyfte fram for deg alle kristne sysken som lid under ufridom, undertrykking og forfølging. Hjelp oss å hugse på dei, så vi kan stå saman med dei i bøn og handling.
- Vi ber om at dei forfølgde vil setje si von og sin tillit til deg, midt i lidinga. Vern om dei som møter forfølging for ditt namns skuld. Gje von til våre forfølgde sysken.
- Vi ber om at forfølging tek slutt der det skjer, og at det blir ekte trusfridom. Vi ber om at utsette må få oppreising og oppleve rettferd. Vi ber om at overgriparar og valdsmenn må haldast ansvarlege for handlingane sine.
- Velsign og vern om alle som risikerer liv og tryggleik for å hjelpe kristne flyktningar. Lat dei kjenne at dei ikkje er åleine. Bevar dei på deira farlege oppdrag med å bringe von og trøyst til menneske på flukt.
- Vi ber for alle born som må lide fordi de sjølve eller foreldra er kristne. Vi ber om at du må verne borna frå varige skader, både i sjela og kroppen. Du ser at mange born er komne bort fra familiane sine. Ta vare på dei, og dei få vere saman med familiane sine igjen.
- Vi ber om velsigning for alle som arbeider for trusfridom i stengde land. Hald di hand over dei som forkynner evangeliet i eit fiendtleg miljø. Gje dei tryggleik, klokskap og styrke til å halde fram.
- Gode Gud, himmelske Far, vi takkar for at du har kalla oss til å vere lys og salt i verda. Gje oss mot og vilje til å vere hendene og føtene dine. Gje oss vilje og kraft til å stå saman med våre forfølgde sysken. Kom med helbreding, rettferd, kjærleik og forsoning.

SØNDAG FØR DE FORFULGTE

Herrens bøn for kristne som lid for trua si

Vår Far i himmelen

Takk for at vi kan vende oss deg til som vår Far.

Lat namnet ditt helgast

La namnet ditt bli æra av våre liv, i vår liding og død for Kristi skuld.

Lat riket ditt koma

Måtte denne verdsordenen vika og kongedømet ditt koma

Lat viljen din ráda på jorda slik som i himmelen.

Må du byggje kyrkja di gjennom liding. Hjelp oss å vedkjenne ditt namn trufast, og gje at dei som forfølger oss, kan vende seg til deg.

Gjev oss i dag vårt daglege brød

Må du gje dine vitne som sit i fengsel og familiane deira heime det dei treng, og gje enkene og enkemennene til dei forfølgde og dei foreldrelause barna det dei treng.

og tilgjev oss vår skuld, slik vi også tilgjev våre skuldnarar.

Tilgje oss når vi har skamma oss over vitna dine og når vi har gløymt dei.

Tilgje oss når vi har svike deg, og før oss tilbake til fellesskap med deg. Hjelp oss å velja å tilgje dei som gjer oss vondt eller som vil skada oss.

Og lat oss ikkje koma i freistung,

Hald oss borte frå prøvingar som vi ikkje er i stand til å bere, og gje oss tålmod til å stå fast og bli i trua.

men frels oss frå det vonde

Set oss fri frå motstandaren som omringar oss, og frå hjelparane hans.

For riket er ditt

Du vil etablere ditt rike, og du vil døme i di tid.

og makta

Hjelp oss til å stå fast i trua inntil døden.

og æra i all æve.

For til sist vil alle æra deg, og kvart kne må bøya seg og bekjenna at Jesus Kristus er Herre.

Amen.

- Teksten er ei utgåve av Herrens bønn, formulert av Christof Sauer – professor i religion og misjon og leiar for International Institute for Religious Freedom.